



Arbeidsprogram 2018–2022

Innstilling frå styret

1. Den målpolitiske stoda

– Kvar står me no?

Stoda

Stoda for nynorsk i dag er delt. Statusen og bruken har styrkt seg der nynorsken er mest brukt, i kjerneområda, medan presset aukar og språkskiftet er stort i randsonene, i utkantane av kjerneområda. Samstundes har fleire riksaviser forsiktig opna for nynorsk i spaltene, og nynorsk er meir synleg på fleire domene.

Nynorsk er konsolidert i kjerneområde. Dette området går frå Sunnmøre i nord til Jæren i sør, og det inkluderer Vest-Telemark, Ottadalen og øvre delar av Valdres i aust. I randsonene i Agderfylka, Telemark, Hallingdal, Valdres, Nord-Gudbrandsdalen, på Nordmøre, i Romsdal og rundt byane på Vestlandet er det større press på nynorsken. Det kjem til nye nynorskbrukarar gjennom grunnskulen i alle vestlandsfylka, i agderfylka, i Oppland, Buskerud og Telemark.

Kjerneområda er kjenneteikna av lågt språkskifte frå nynorsk til bokmål på ungdomstrinnet og/eller i vidaregåande og av mykje nynorskbruk i ålmenta. På desse stadene vert nynorsk opplevd som det lokale språket. Nynorsk har ein «samfunnsberande» funksjon der alle kommunale, regionale og mange statlege funksjonar nyttar nynorsk.

Dei nynorske randsonene er prega av stort språkskifte i ungdomsskulen eller i vidaregåande, alt etter når nynorskelevane hamnar i mindretal. Særleg kring vestlandsbyane er desse områda òg prega av eit stort innslag av bokmål i grunnskulen, grunna større og fleire bokmålsklasser på nynorskskular. Randsonene er sette saman av både nynorskkommunar og språkøytrale kommunar. I desse områda ser folk mykje mindre nynorsk rundt seg, og det er lite nynorsk i lagsliv og næringsliv. Utanfor dette området er nynorsk i sporadisk bruk, truleg mest i dei store byane, men det finst nynorskbrukarar over alt i Noreg, og nynorsk er eit bruksspråk i heile landet.

Nynorsk er eit språk for heile Noreg, med eit ankerfeste i kjerneområda. Dette området, der han er i dagleg bruk og fungerer som eit nasjonalmål, er på storleik med eit middels stort europeisk land. Nynorsk har vorte eit sterkt regionalspråk. Ulikt dei fleste andre land med fleirspråksituasjonar, er han òg eit nasjonalt språk for alle som bur i Noreg.

Store demografiske endringar i Noreg gjer at flyttestraumen går mot bokmålsområda i og rundt dei store byane. Difor går prosenten elevar med nynorsk opplæringsmål ned, sjølv om det absolutte talet på elevar er relativt stabilt. I 2016 auka talet på nynorskelevar, mykje grunna folketalsvekst i dei bynære områda på Vestlandet. Kring dei store vestlandsbyane aukar talet på nynorskelevar somme stader, men det er òg her nynorsk er mest utsett.

Eit sterkt kjerneområde styrkjer nynorsken som nasjonalspråk. Dei språklege rettane til nynorskbrukarane i heile Noreg har sterk legitimitet frå eit stort område der folk samla er viljuge til å krevja rettane sine. Kjerneområda og nynorskbrukarane utanfor kjerneområda er gjensidig avhengige av kvarandre. Utan folk over heile Noreg som bruker og arbeider for meir nynorsk, vil offisielle språkrettar og statusen til nynorsk som offisielt språk vera utsette.

Stoda i dag er òg prega av at situasjonen for nynorsk på mange område er betre enn før. Det er mindre eksplisitt motstand, og nynorsk er mellom anna i ferd med å få innpass i dei store riksavisene. Dei fleste partia har styrkt målpolitikken sin dei seinare åra.

Digitalisering, språkteknologi og endring i medievanar vil endra måten me både møter og bruker språk på. Utviklinga på desse områda må òg endra korleis Noregs Mållag tenkjer politisk om mange emne. I dag er det for lite kunnskap i Noregs Mållag, både lokalt og sentralt, om korleis

52 slike endringar vil påverka kvardagen for nynorskbrukarane. Noregs Mållag må i åra som kjem,
53 skaffa seg betre oversyn og utvikla ny politikk her.

54

55 Me bør skilja mellom den vesle og den store målpolitikken. Den vesle målpolitikken er lovgjeving
56 og stimuleringsordningar som tek målretta sikte på å verna nynorskbrukarar og vega opp for dei
57 nynorske mindretalsulempene. Døme på dette er læreboktilskot, mållova og tilskot til
58 nynorsktiltak. Den store målpolitikken er all annan politikk som har språkpolitiske effektar, som
59 mykje av distriktspolitikken, kommunepolitikken og delar av utdanningspolitikken som ikkje har
60 direkte med språk å gjera. Noregs Mållag kan ikkje ha ei meining om alle sider ved den store
61 språkpolitikken. Det kan likevel vera nyttig å ha ein (betre) analyse av korleis større straumdrag i
62 samfunnet påverkar målstoda.

63 Alle har ein rett til å møta nynorsk i kvardagen, uavhengig av om ein er nynorskbrukar eller
64 bokmålsbrukar. Utgangspunktet må vera at alle har rett til å møta heile den norske skriftkulturen.
65 Nynorsk er eit språk med ein eigenverdi, både som samnemnar for norske talemål og som eit
66 sjølvstendig skriftspråk.

67

68 I nokre situasjonar og i nokre område er det krevjande å vera nynorskbrukar i Noreg.
69 Jamstillingspolitikken har ikkje kunna bøta på dette, og det har oppstått ei «falsk jamstilling» som
70 reproducerer den rådande ubalansen. For å sikra dei mest utsette nynorskbrukarane må me leita
71 etter tiltak som er sterkare enn dagens jamstillingspolitikk.
72 Arbeidsprogrammet legg dette til grunn for måla og tiltaka dei neste fire åra. Mange av måla i
73 dette programmet er truleg urealistiske å nå på fire år. Det er likevel rett å formulera klåre
74 målsetnader på kvart felt for kva som faktisk må til for å gje ei positiv endring.

75

76 **Hovudprioriteringar for fireårsperioden**

77 I denne fireårsperioden har Noregs Mållag desse fire hovudprioriteringane:

78 1. Den digitale skulekvardagen må vera nynorsk.

79 Noregs Mållag skal gjennom kampanjearbeid og politisk påverknad syta for at
80 nynorskelevane møter språket sitt gjennom heile skulekvardagen, anten opplæringa skjer på
81 skjerm, tavle eller i bok.

82 2. Nynorsken må tena på omorganiseringa av kommunar, fylke og stat.

83 Det norske samfunnet går for tida gjennom store strukturreformer. Det er viktig at ingen slike
84 reformer slår negativt ut for nynorskbrukarane. Tvert om bør slike reformer vera eit høve til å
85 innføra tydelegare regelverk og betre rettar.

86 3. Barn og unge i nynorskområde må møta nynorsk frå barnehagen og i heile utdanningsløpet.

87 For mange barnehageungar og elevar møter vaksne som ikkje kan nynorsk godt nok.
88 Nynorskopplæringa i lærarutdanningane for barnehage, grunnskule og vidaregåande skule må
89 difor styrkjast. Her trengst det fleire endringar i det sentrale regelverket, men òg kurs,
90 inspirasjonsdagar og andre lokale tiltak.

91 4. Noreg må få ei satsing på jamstilt språkteknologi.

92 Det nynorske språksamfunnet er i ferd med å verta gjennomdigitalisert. Ei satsing på jamstilt
93 språkteknologi vil ha svært mykje å seia for vilkåra for nynorskbrukarane i framtida.

94 Dissens frå Fredrik Hope, ta inn denne hovudprioriteringa i tillegg:

95 5. Organisasjonsbygging

96 Noregs Mållag skal byggja ein sterkare organisasjon som støyr nynorsken der han finst,
97 og samstundes ryddar nye vegar for nynorsken. I denne perioden skal Noregs Mållag
98 skipa fleire lokallag og driva med leiarskulering, særleg med sikte på meir politisk
99 arbeid i lokallaga.

100

101 2. Organiseringa av Noreg

102

103 Staten Noreg har i dag ikkje eit eige formulert ynske om å ta særskilt vare på nynorsk, berre å
104 jamstilla han med bokmål. Staten har ei anna haldning til nynorsk enn til samisk. Det er
105 ålment godteke både i det norske og det samiske samfunnet at samisk språk har ein
106 eigenverdi. Det finst difor lover og forskrifter som skal sikra framtida for samisk, og det vert
107 løyvt pengar og oppretta institusjonar med tanke på utviklinga av samisk språk. Å ta vare på,
108 sikra og utvikla nynorsken er derimot i stor grad ei oppgåve for språkpolitiske aktørar. Staten
109 ser på seg sjølv som «nøytral» i språkspørsmålet. Offisiell norsk språkpolitikk fremjar difor
110 sjeldan nynorsk ut over målsetnaden om jamstilling.

111 Nynorsk er røysta inn i skulekrinsane som utgjer det me kan kalla «nynorskområdet». Han har
112 altså folkeleg oppslutnad og legitimitet her. Likevel er dette nynorskområdet tufta på juridisk
113 og politisk skøyre ordningar. Med simpelt fleirtal kan kommunar eller regionar frå éin dag til
114 ein annan gå frå å verta administrerte på nynorsk til å verta nøytrale, altså ikkje ha noko krav
115 om målbruk.

116

117 Det er for tida store endringar i struktureringa av Noreg. Her ser me ei sentralisering inn mot
118 storbyane og ei indre regionalisering, både gjennom regionreforma og kommunereforma.
119 Dette får konsekvensar for nynorsken og nynorskbrukaren, men slike store endringar må ikkje
120 skje på tvers av det folkelege kravet om nynorsk.

121

122 Dissens frå Fredrik Hope, tillegg etter avsnittet over:

123

124 Det viser at det er det folkelege kravet om nynorsk som i all hovudsak sikrar
125 nynorskområda, og kor viktig det er at sentrallekken og lokallaga i Noregs Mållag
126 jobbar for å styrkja dette folkelege kravet om nynorsk.

126

127 **Staten**

128

129 Staten har ansvar for å ta vare på og halda oppe både nynorsk og bokmål som skriftspråk. Det
130 tydelegaste uttrykket for dette ansvaret er lov om målbruk i offentleg teneste, altså mållova.

131

132 Mållova sikrar eit visst omfang av nynorskbruk frå staten og at det er folket, og ikkje
133 byråkratane, som avgjer kva språk staten skal ytra seg på. Slik sikrar mållova at den store
134 skriftspråkprodusenten staten, og alle hans greiner, også produserer nynorsk.

135

136 Mållova er laga i ei tid då Noreg såg annleis ut enn i dag, før digitaliseringa av offentleg
137 informasjon. Med internett og stor tilgang på offentleg informasjon trengst ei modernisering
138 av mållova som sikrar at denne informasjonen finst på både nynorsk og bokmål.

139 Privatisering og utsetjing av offentlege tenester i eigne selskap gjer at færre av dei store
140 institusjonane må bruka nynorsk. Noregs Mållag har inga meining om sjølve
141 eigarskapsmodellen, men ein etat kan ikkje slutta å skriva nynorsk berre fordi han vert gjort
142 om til eit aksjeselskap. Det same gjeld offentlege verksemder som vert delprivatiserte. Det er
143 meldt at kulturministeren vil ha ei språklov i Noreg. Noregs Mållag skal arbeida for at denne
144 fremjar nynorsk og at dagens mållov ikkje vert svekt, men styrkt.

145

146 Noregs Mållag meiner:

147

- 148 ➤ Mållova skal følgjast av alle statlege verksemder og aksjeselskap. Ho skal ikkje kunna
utholast gjennom at staten endrar eigarskapsmodellen.

- 149 ➤ Kravet til veksling mellom bokmål og nynorsk i utetterretta informasjon må spegla
150 den nye digitale røynda. Mållova må vera plattformnøytral.
151 ➤ Statlege nettsider må veksla 50/50 mellom nynorsk og bokmål på same side.
152 ➤ Det skal følgja sanksjonar med å bryta mållova. Dette kan vera dagbøter til etaten som
153 står bak lovbrøtet.
154 ➤ Noreg treng ei ny språklov som er laga for å *fremja* nynorsk, ikkje berre *jamstilla*
155 nynorsk med bokmål.
156

157 **Fylka og regionane**

158 Språket i fylkeskommunane og i fylkeskommunale føretak er ikkje underlagt mållova.
159 Språkbruken er regulert av politiske vedtak. Dei regionale statsføretaka som helseføretak,
160 tingrettar og liknande er underlagde mållova.
161

162 Noreg er i ferd med å få ein ny fylkesstruktur. Noregs Mållag sentralt skal saman med dei
163 aktuelle fylkesmållaga arbeida for at samanslåingane ikkje gjer at nynorskbrukarane møter
164 mindre av språket sitt – heller meir. Det er særleg viktig å syta for at den vidaregåande
165 opplæringa i desse fylka gjev eit minst like godt tilbod til nynorskelevane i framtida som i
166 dag. I framtida er det meininga at fleire statlege regioninndelingar skal følgja grensene til dei
167 nye regionane. Det kan føra til endringar i krav til målbruk fordi det språklege fleirtalet i
168 regionen kan vera annleis enn i dei noverande fylka.
169

170 Noregs Mållag meiner:

- 171 ➤ Nynorskbrukarane må tena på omorganiseringa av kommunar, fylke og stat.
172 ➤ Dei fylka som i dag har store nynorske mindretal, må forplikta seg i språkbruksplanar
173 på korleis dei stør opp om nynorskbrukarane i regionen eller fylket.
174 ➤ Nynorskfylka og regionane må styrkja marknadsmakta si gjennom å systematisera
175 nynorskkrav i alle innkjøp, både i opplæringssektoren og utanfor.
176

177 **Kommunane**

178 Nynorskkommunane er svært viktige i å halda det nynorske skriftspråket oppe og å hegna om
179 det. Kommunane er massive skriftspråkprodusentar og utgjer ei viktig motvekt til det
180 dominerande bokmålet. Slik bidreg nynorskkommunane til at nynorskbrukarane ser språket
181 sitt brukt og til at nynorsk er eit levande bruksspråk. Nynorskkommunane hegnar om
182 nynorsken, området og dei andre nynorskinstitusjonane innanfor grensene og gjer
183 nynorskbruk enklare for alle.
184

185 Trass i at situasjonen er veldig annleis i kjerneområda enn i resten av landet, er dei nynorske
186 institusjonane og nynorskområdet forbausande stabile. Sist ein kommune skifta tenestemål,
187 var i 2015. Då gjekk Midsund kommune frå å vera ein nynorskkommune til å verta ein
188 språkøytral kommune med éi røyst overvekt. Likevel aukar det individuelle presset på
189 nynorskbrukaren i utkantane av området. Det får konsekvensar for statusen til nynorsk og for
190 kor mykje nynorsk nynorskbrukarane vert eksponerte for.
191

192 I dag er nynorsken sikra plass og status i kommunane gjennom fleirtalsvedtak om
193 tenestemålet (kva språk staten skal venda seg til kommunane på) og administrasjonsmålet
194 (kva språk kommunane skal administrerast på). Vedtaka gjeld til nye vert gjort, med enkelt
195 fleirtal. Det gjer nynorsken sin institusjonelle base skøyrr, og sjølv om det er få slike
196 vedtaksendringar, vil det seia at nynorsken i somme område er utsett. Til samanlikning er det
197 samiske språket sikra i fleire internasjonale konvensjonar og i den norske grunnlova. Det er

198 difor ein langt meir omfemmande og vanskeleg prosess å svekkja rettsgrunnlaget for samisk
199 enn for nynorsk.

200 Den kommunale sjølvråderetten står svært sterkt i Noreg, og kommunane rår seg sjølve i
201 språkspørsmål som ikkje er omfatta av opplæringslova. I paragraf 5 i mållova står det at
202 kommunane kan gjera vedtak om kva språk staten skal venda seg til dei på. Gjer dei ikkje
203 slikt vedtak, vert dei rekna som språknøytrale. At dei fleste kommunar òg held seg med eit
204 vedtak om administrasjonsmål, må meir reknast som eit utslag av sedvane.

205

206 Noregs Mållag meiner:

- 207 ➤ Kommunane må ta større ansvar for nynorsk gjennom positive vedtak om nynorsk
208 tenestemål, og gjennom språkbruksplanar som forpliktar dei som nynorskkommune og
209 gjer det vanskelegare å svekkja statusen til nynorsk i kommunane.
- 210 ➤ Staten må kunna føra tilsyn med at innbyggjarane får oppfylt rettane sine og at
211 nynorsken er i bruk.
- 212 ➤ Det skal gjerast meir attraktivt å vera ein nynorskkommune, til dømes gjennom
213 økonomiske insentiv.
- 214 ➤ Alle interkommunale selskap og andre kommunale verksemdar må vera omfatta av
215 same krava.
- 216 ➤ Staten skal bidra til at det vert lettare å vera nynorskkommune gjennom å sikra at det
217 finst programvare på båe språk, at anbudsutlysingar sikrar tenester på båe språk og
218 etterutdanning for tilsette som treng meir nynorskkompetanse. Alt dette får kommunar
219 som bruker mest bokmål, utan å måtta arbeida for det.
- 220 ➤ Staten bør greia ut korleis kommunane følgjer opp dei språklege interessene og rettane
221 til innbyggjarane sine.
- 222 ➤ Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ein viktig premissleverandør og
223 må sikrast trygge økonomiske rammevilkår.

224

225 **Folkeregisteret**

226 Folkeregisteret gjev høve til å registrera språkvalet til alle innbyggjarar. Det gjer det lettare
227 for det offentlege å kommunisera med folk på nynorsk. Det skal stå i folkeregisteret kva språk
228 folk ønskjer å verta møtt på. Utgangspunktet må vera kva språk kommunen har valt, men
229 informasjonen må kunna endrast av einstkildborgarar seinare.

230

231 Dissens frå Fredrik Hope, tillegg etter avsnittet over:

232 I registeret skal det òg registrerast kva morsmål den einstkilde identifiserer seg med.

233

234 Noregs Mållag meiner:

- 235 ➤ Eit meir moderne folkeregister gjev staten eit langt betre høve til å møta
236 nynorskbrukarane på språket sitt. Dette høvet må staten utnytta.

237

238 **Språkteknologi**

239 Utviklinga av språkteknologisk programvare har og vil i aukande grad ha innverknad på
240 språktilhøva i Noreg. Teknologien vil koma dit at stadig fleire funksjonar rundt oss vert styrte
241 av taleknologi. Det kan innebera, om avgjerdene vert overlatne til marknaden åleine, ei
242 talemålsnormering me ikkje har sett sidan radioen kom.

243 Sidan marknaden rår, må nynorskbrukarane vera synlege på statistikkane til selskapa som
244 styrer marknaden. Politisk press på dei store selskapa og på dei store prosjekta som skal
245 arbeida med språkteknologi i Noreg, er viktig. Den nynorske ordbanken må vera
246 kvalitetssikra for at slik teknologi skal ta i bruk båe dei to norske språka.

247

- 248 Noregs Mållag meiner:
- 249 ➤ Staten må ta ansvaret for at tilgjengeleg språkteknologi vert like breitt utvikla for
 - 250 nynorsk som for bokmål.
 - 251 ➤ Noreg må få taleattkjenningsteknologi som forstår dialektar.
 - 252 ➤ Staten må ta kostnadene ved å utvikla ein nynorsk ordbank til bruk for
 - 253 språkteknologiske nyvinningar.
 - 254 ➤ Kvalitetssikra maskinomsetting til nynorsk kan spara det offentlege for svært store
 - 255 utgifter, samstundes som det kan innfri viktige rettar for nynorskbrukarane.
 - 256 ➤ Språksamlingane ved Universitetet i Bergen må få ei nøkkelrolle i utviklinga av
 - 257 jamstilt språkteknologi.

258
259

260 **3. Sivilsamfunnet**

261

262 **Fagrørsla**

263 Å sjå nynorsk i bruk rundt seg er viktig for at det skal vera lettare å bruka nynorsk. Der
264 nynorsk er mykje brukt, har han høgare status. Difor er det viktig at dei friviljuge
265 organisasjonane nyttar nynorsk. Dei siste åra har Noregs Mållag arbeidd særleg med LO for å
266 få dei til å nytta meir nynorsk. Arbeidstakarar frå EØS-området har i dag ikkje rett til
267 norskopplæring, men mange kommunar tilbyr dette likevel. I framtida bør denne gruppa ha
268 rett til å læra norsk både av omsyn til integrering, tryggleik på arbeidsplassen og for å styrkja
269 norsk språk. I perioden skal Noregs Mållag jobba for å knyta tettare band til og påverka
270 Utdanningsforbundet til å stø nynorsken meir og bruka meir nynorsk.

271

272 Noregs Mållag meiner:

- 273 ➤ Det er viktig å halda fram arbeidet i LO sentralt, lokalt og ute i forbunda for at LO
- 274 skal bruka meir nynorsk og for at LO skal fremja viktige målkrav ute i samfunnet.
- 275 ➤ Arbeidstakarar med utanlandsk bakgrunn må få opplæring på nynorsk i
- 276 nynorskområda.
- 277 ➤ EØS-borgarar som bur eller arbeider i Noreg, skal få rett til norskopplæring.

278

279 **Næringsliv**

280 Å sjå nynorsk i butikken, i avislysingar og reklameblad gjer det lettare for alle
281 nynorskbrukarar å halda fram med å skriva nynorsk, og lettare for skuleborn å læra seg
282 nynorsk. Det er òg viktig for arbeidstakarar å kunna skriva nynorsk på arbeidsplassen sin. Slik
283 er desse verksemdene med på å gjera nynorsk lettare å bruka og å læra for både unge og
284 vaksne. Nynorsk verksemd-kampanjen til mållaget er med på å løfta fram og gje heider til
285 desse verksemdene, det bør me halda fram med. Nynorsk næringslivspris er òg eit viktig tiltak
286 for å løfta fram nynorskbruk i næringslivet.

287

288 Noregs Mållag meiner:

- 289 ➤ Noregs Mållag sentralt og lokalt skal samarbeida om å styrkja nynorsken i
- 290 daglegvarekjedene og få fleire til å bruka nynorsk i marknadsføringa.
- 291 ➤ Nynorskbruken i Tine bør auka.
- 292 ➤ Lokale mållag skal jobba for at fleire reiselivsaktørar marknadsfører seg på nynorsk.

293

294 **Religion og livssyn**

295 Fram til i 2012 var Den norske kyrkja ein del av staten. Med endringa i 2012 er kyrkja ikkje
296 underlagt staten på same måte, sjølv om kommunane framleis har ei plikt til å stø den norske
297 kyrkja. Kyrkja reknar framleis at dei skal halda seg til mållova.

298

299 Religion og livssyn er meir enn Den norske kyrkja. I nynorskområda er det etablert trudoms-
300 og livssynssamfunn frå ei lang rekkje religionar, og medlemene her bør òg få høve til å utøva
301 religionen sin på nynorsk. Noregs Mållag vil særleg prioritera kontakt med dei islamske
302 miljøa i nynorskområda for å kartleggja kva som trengst.

303

304 Noregs Mållag meiner:

- 305 ➤ Kyrkja skal framleis praktisera prinsippa i mållova, sjølv etter ny organisering.
- 306 ➤ Trusopplæringsmateriell må liggja føre på både nynorsk og bokmål.
- 307 ➤ Det er viktig å hjelpa muslimske trussamfunn til å få meir av tilfanget sitt på nynorsk.
- 308 ➤ Det er viktig å følgja opp Human-Etisk forbund, dei muslimske trudomssamfunna og
309 frikyrkjene for å sikra at dei har tilbod på både nynorsk og bokmål og bruker nynorsk i
310 nynorskområdet.
- 311 ➤ Trudoms- og livssynssamfunn som får statsstøtte, bør møta eit krav om å gje born og
312 unge i nynorskområde nynorsk trusopplæring.

313

314 **Samarbeid med andre språkgrupper i Noreg**

315 Noreg er, og har alltid vore fleirspråkleg. Det skal det også halda fram med å vera. Målrørsla
316 skal vera solidarisk med andre språkgrupper i Noreg. Mange språkpolitiske saker er like for
317 målrørsla og rørsleane til nasjonale urfolks- og minoritetsspråk i Noreg. Der me har felles sak,
318 bør me i større grad samarbeida med desse rørsleane. Særleg dei samiske miljøa har me felles
319 interesser med. Det kan gjelda parallellklassar, media, litteratur, opplæring og reglar for
320 kommunal språkbruk.

321

322 Noregs Mållag meiner:

- 323 ➤ Målrørsla bør samarbeida med samiske og andre miljø i relevante saker denne
324 fireårsperioden. Særleg viktig er arbeidet med ny språklov.

325

326 **4. Opplæring**

327

328 I all hovudsak er det i skulen at nye nynorskbrukarar kjem til, og i delar av landet er det i
329 skulen dei òg forsvinn. I tillegg syner undersøkingar at barnehagen i stor grad fungerer som
330 reine bokmålsbad for ungar som skal ha nynorsk som opplæringsmål.

331 Det er varsla at det kjem ei ny opplæringslov i 2020. Denne må vera ein hovudprioritet for
332 Noregs Mållag. I 2017 tok arbeidet til med å utvikla nye læreplanar. Dette arbeidet er høgt
333 prioritert hjå Noregs Mållag og må vera det til dei nye læreplanane er klare hausten 2020.

334

335 **Barnehage**

336 I dag er språket i barnehagen eit heilt uregulert område. Barnehagelova vart endra i 2017 og
337 nemner ikkje nynorsk i det heile. Samstundes slår den nye rammeplanen fast at
338 skriftspråkstimulering er ein viktig del av barnehagekvardagen. Ei undersøking
339 Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) og Pirion har gjort, syner at barnehagane i
340 nynorskområda i alt for liten grad nyttar nynorske bøker, nynorsk i songar og høgtlesing. Åtte
341 av ti nyttar språkstimuleringsopplegg som berre finst på bokmål. Ein stor del av ungane som
342 skal ta til med nynorsk i skulen, vert såleis bada i bokmål i barnehagen. Utan reguleringar vert
343 det svært personavhengig kor mykje nynorsk språkstimulering ungane får, eller om ungane
344 møter nynorsk i det heile. Noregs Mållag krev sterkare språklege rettar for barnehageungar.

345

346 Noregs Mållag meiner:

- 347 ➤ Språkstimuleringsmateriell som ikkje finst på nynorsk, skal ikkje kjøpast inn av
348 barnehagane.
- 349 ➤ Ungar som skal ha nynorsk på skulen, bør fyrst og fremst møta nynorsk skriftspråk. I
350 tillegg bør dei møta den lokale dialekta i barnehagen.
- 351 ➤ Barnehagevitjingar må framleis vera prioriterte under nynorskstafetten for å auka
352 medvitet kring nynorsk språkstimulering i barnehagen.
- 353 ➤ Alle ungar skal få møta nynorsk i barnehagen.
- 354 ➤ Rammeplanen må ta omsyn til at det er annleis å skulla få opplæring i eit mindre brukt
355 språk, enn i det største språket.
- 356 ➤ Sentrallekken og lokallaga skal spreia nynorsk barnelitteratur til barnehagane og
357 barneskulane.

358

359 **Barnehagelærerutdanninga**

360 Barnehagelærerutdanninga bør spegla at Noreg er eit toskriftspråkleg samfunn. Så lenge det
361 ikkje finst krav i barnehagen, skjer ikkje dette i stor nok grad i dag. Kunnskapsområdet språk,
362 tekst og matematikk må spegla at det er to norske språk, og studentane må få innsikt i korleis
363 dei driv språkstimulering for ungar som skal ha nynorsk opplæringsmål. Nynorsk
364 språkstimulering må tematiserast i rammeplanen for barnehagelærerutdanning.

365

366 Noregs Mållag meiner:

- 367 ➤ Born som skal ha nynorsk opplæringspråk, må møta nynorsk i barnehagen. Den
368 retten må inn i barnehagelova og rammeplanen for barnehagelærerutdanning.

369

370 **Barnesteget**

371 I 2017 var det 76.549 nynorskelevar i grunnskulen, mot 79.841 i 2010. Talet på nynorskelevar
372 er relativt stabilt, medan nynorskprosenten går ned. At det flyttar fleire folk til det sentrale
373 austlandsområdet og til dei store byane, er ei av hovudforklaringane på at nynorskprosenten
374 går ned. Likevel har det aldri teke til så få bokmåselevar i Sogn og Fjordane som det gjer no,
375 og i 2016 tok det til fleire nynorskelevar enn på 10 år i Hordaland.

376

377 Eit aukande tal på parallellklassar med bokmål i randsonene er eit problem. Nokre gonger vert
378 nynorskelevane i så tydelege mindretal at skulane bryt opplæringslova og blandar
379 nynorskelevar og bokmåselevar i same klasse på barnetrinnet. Dette har me til dømes sett på
380 skular i Arna bydel og Bergen og i Hallingdal. Slik parallellklasseretten fungerer i dag, kan
381 han svekkja nynorsken sin posisjon i eit område eller på ein skule. Mange stader får foreldre
382 som ynskjer bokmål, eigne bokmålsklassar utan å stetta kravet til å vera ti elevar. Både på
383 Orstad og på Gol til dømes er det slik det som i dag er store bokmålsgrupper, tok til. Foreldre
384 som ynskjer nynorsk, opplever på si side å verta motarbeidde av skuleleiing og kommunar.
385 Noregs Mållag må sjå på andre måtar å hegna om nynorskelevane og dei nynorske
386 lokalsamfunna på.

387

388 Det er skilnad på å læra det største og det minste av dei to norske språka, det må
389 hovudmålsundervisinga til nynorskelevane ta høgd for. Nynorskelevane treng mindre
390 eksponering for bokmål. Elevar med nynorsk sidemål bør starta sidemålsundervisinga på
391 mellomsteget.

392

393 Etter nokre år med ro kring læremiddelsituasjonen ser me at inntoget av digitale læremiddel
394 skaper ein uheldig situasjon for nynorskelevane. Store delar av marknaden tilbyr ikkje
395 produkta sine på nynorsk i det heile. I tillegg vil det koma nye læremiddel i kjølvatnet av dei

396 nye læreplanane. Dette er ei sak me bør samarbeida med lærarorganisasjonane og Norsk
397 Målungdom om.

398

399 Lokale mållag gjer ein svært viktig jobb som lokale kampanjeorganisasjonar når det er
400 skulemålsrøysting, og Noregs Mållag sentralt bidreg til dette arbeidet. Det er viktig å fanga
401 opp uro kring skulemålet tidleg, slik at me kan setja inn tiltak før det vert snakk om
402 skulemålsrøysting.

403

404 Dissens frå Fredrik Hope, endra avsnittet over til:

405 Dei fleste nynorskbrukarane er vortne det av di dei hadde nynorsk som hovudmål på
406 skulen. Arbeidet med å tryggja og utvida områda med nynorsk hovudmål er difor
407 grunnleggjande viktig for å halda ved like og styrkja det folkelege kravet om nynorsk.
408 Arbeidet med å vinna nytt land ved offensive folkerøystingar om språk i skulen vil
409 vera kveikjande og skulerande for medlemene, og ein grunn til å engasjera seg. Difor
410 skal sentrallekken samarbeida med lokale mållag om å vinna folkerøystingar om språk
411 i skulen. Arbeidet med å vinna dei defensive røystingane bør koma i gang tidleg, og
412 Noregs Mållag skal kveikja og skulera utvalde, viljuge lokallag til å arbeida for
413 offensive røystingar i laupet av perioden.

414

415 Noregs Mållag meiner:

- 416 ➤ Læremiddelsituasjonen har endra seg med den digitale røynda. Alle læremiddel som er
417 utvikla for bruk i skulen, må koma på både nynorsk og bokmål. Opplæringslova må
418 spegla den digitale røyndomen.
- 419 ➤ Staten må føra tilsyn med at nynorskelevar får rettane sine etter opplæringslova,
420 inkludert retten til læremiddel på nynorsk.
- 421 ➤ For å sikra godt og rett språk i lærebøker og digitale læremiddel bør
422 Kunnskapsdepartementet innføra ei godkjenningssordning for alle læremiddel som
423 forlaga vil tilby til skulen.
- 424 ➤ Opplæringsmateriell som kjem frå organisasjonar som skal nyttast i skulen, må koma
425 på både nynorsk og bokmål.
- 426 ➤ Ny læreplan må ta omsyn til at det er annleis å få opplæring i eit mindre brukt språk
427 enn i det største språket.
- 428 ➤ Ein må i større grad leggja den konkrete undervisinga til rette for dei elevane som
429 skriv eit mindre brukt språk.
- 430 ➤ Bokmåselevar må byrja med nynorsk sidemål på mellomsteget.
- 431 ➤ Det bør alltid vera tilbod om nynorsk parallellklasse i dei store byane, utan krav til
432 minstetal på elevar.
- 433 ➤ Kravet om at det må vera 10 elevar att i klassen for å skipa parallellklasse, må koma
434 attende.
- 435 ➤ Det er viktig å stø opp om arbeidet med å skipa nynorske parallellklassar.
- 436 ➤ I nynorskområda bør det vera ein prinsipiell rett til å gå i nynorskklasse.
- 437 ➤ Det er viktig å stø opp om nynorsk leselystkampanje på mellomsteget.
- 438 ➤ Arbeidet med å vinna skulemålsrøystingar skal vera høgt prioritert.

439

440 Dissens frå Fredrik Hope, endra kulepunktet over til:

441 Arbeidet med å vinna defensive folkerøystingar om språk i skulen skal vera høgt
442 prioritert og koma tidleg i gang.

443

- 444 ➤ Det må utgreiast korleis ein tek i vare nynorskelevane på skular der bokmåselevane er
445 i stort fleirtal og veksande.

- 446 ➤ Det må økonomiske insentiv til for at nynorskelevane skal få den opplæringa dei har
447 krav på.
448 ➤ Administrasjonsmålet på skulane skal vera det same som skulemålet.
449 ➤ Om det dukkar opp eit initiativ til ei offensiv skulemålsrøysting, skal Noregs Mållag
450 prioritera arbeidet med å vinna denne.

451
452 Dissens frå Fredrik Hope, endra kulepunktet over til:
453 Sentrallekkjen skal samarbeida med viljuge lokale mållag og fylkesmållag for å få til
454 minst éi offensiv folkerøysting om språk i skulen denne perioden.
455

456 **Ungdomssteget**

457 I dag opphøyrer retten til å få opplæring på eige språk når elevane går ut av barneskulen. Då
458 kan elevane sjølv avgjera kva språk dei vil ha som hovudmål, men dei har ingen rett til å få
459 opplæring i og undervisning på dette språket, utover sidemålsopplæringa. Noregs Mållag har
460 arbeidd for at retten til å få opplæring på hovudmål skal gjelda heile grunnskulen.
461

462 I dag kan 12–13 år gamle elevar sjølv velja opplæringsspråk frå 8. klasse. Valet skjer før
463 elevane har vore innom språkhistoria i pensum og før dei er fullkompetente i hovudmålet sitt.
464 Noregs Mållag meiner elevane bør ha det same opplæringsmålet heile grunnskulen.
465

466 Sidemålsordninga i ungdomsskulen syter for at alle møter nynorsk i grunnskulen. Ho er viktig
467 for statusen til nynorsk og for å sikra kompetanse i nynorsk i heile samfunnet. Eigen karakter
468 og eksamen i sidemål er med og held oppe statusen til undervisninga i sidemål i norskfaget.
469 Det er viktig at Noregs Mållag følgjer med på dei sidemålsforsøka som no går føre seg i
470 skulen.
471

472 Noregs Mållag meiner:

- 473 ➤ Språkvalet til elevane skal følgja dei ut heile grunnskulen.
474 ➤ Retten til opplæring på eige språk skal gjelda ut grunnskulen. På språkblanda
475 ungdomsskular skal elevane frå nynorskkkrinsar og bokmålskrinsar halda fram i kvar
476 sine klassar.
477 ➤ Lærarar i ungdomsskulen skal undervisa på det språket som elevane skal få opplæring
478 i, i alle fag.
479 ➤ Det må koma ei statleg støtte til nynorskopplæring i eigne grupper.
480 ➤ Elevane bør få sidemålsundervisning gjennom heile ungdomsskulen. Eleven sin
481 kunnskap i sidemålet må vurderast gjennom eigen standpunktarakter og obligatorisk
482 eksamen på ungdomsskulen.
483 ➤ Elevar med bokmål som opplæringsmål bør verta introduserte for nynorsk i andre fag
484 enn norsk.
485 ➤ Årsramma for norsklærarar i ungdomsskulen må reduserast.
486

487 **Vidaregåande opplæring**

488 I randsonene er språkskiftet stort i den vidaregåande skulen. Det er ofte store, sentraliserte
489 skular der elevane kjem frå områda rundt. Mange kjem frå eit «trygt» nynorskområde og
490 hamnar i eit språkleg mindretal. Det er i slike situasjonar det er vanskeleg å halda på nynorsk.
491 I tillegg er det fritt opp til lærarane kva språk dei vil undervisa på. Dette skaper skular som i
492 praksis vert reine språkskiftefabrikkar. Noregs Mållag krev at alle elevane i studieførebuande
493 utdanningsprogram vert prøvde i to jamstelte oppgåver/oppgåvesvar 3. året i den
494 vidaregåande skulen. Det skal vera to ulike eksamensdagar. Krava/vurderingskriteria skal
495 vera dei same i hovudmål og sidemål.

496
497
498
499
500
501
502
503
504
505
506
507
508
509
510
511
512
513
514
515
516
517
518
519
520
521
522
523
524
525
526
527
528
529
530
531
532
533
534
535
536
537
538
539
540
541
542
543
544
545

Noregs Mållag meiner:

- Elevane skal framleis ha eigen karakter i sidemål, både standpunkt og eksamen.
- Årsramma for norsklærarar i vidaregåande skule må reduserast.
- Opplæringsstyresmaktene må ha ein politikk for å stogga språkskifte.
- Det skal vera eit ekstrapoeng til elevar som går ut av vidaregåande med nynorsk hovudmål.

Dissens frå Fredrik Hope, endra kulepunktet over til:

Det skal ikkje vera eit ekstrapoeng til elevar som går ut av vidaregåande med nynorsk hovudmål.

Lærarutdanningane for grunnskulen og lektorutdanninga

Alle lærarar i grunnskulen og vidaregåande skal vera norsklærarar. Ferdig utdanna lærarar i Noreg må kunna nynorsk. Det er viktig for opplæringa til elevar i nynorskområde, og det er viktig for å halda oppe den nasjonale kompetansen i nynorsk.

I dag får elevar som har hatt fritak frå vurdering i sidemål i vidaregåande, det same fritaket for vurdering i lærarutdanninga. Det tyder i praksis at institusjonane utdannar mange lærarar som berre kan bokmål. Det fører til mangelfull opplæring for nynorskelevane. I staden for å gje studentane fritak, burde dei få opplæring i nynorsk, slik at dei meistrar både nynorsk og bokmål når dei skal ut i læraryrket.

Å læra seg å skriva eit mindre brukt språk er annleis enn å læra å skriva det språket ein ser mest av rundt seg. Lærarutdanningane må difor undervisa i nynorskdidaktikk.

Lærarutdanningane har dessutan eit dessutan eit særskilt ansvar for ein fagleg diskusjon om nynorskelevar sine behov og om ein målretta morsmålsdidaktikk for nynorskelevar.

Noregs Mållag meiner:

- Lærar- og lektorstudentane må få opplæring i nynorsk språk og i nynorskdidaktikk.
- Det må leggjast opp pensum, drivast opplæring og nivået til studentane må vurderast i bae målformer, også for dei studentane som ikkje vel norsk i lektorutdanninga for årstrinn 5–10.
- Norsk må verta obligatorisk for lektorutdanninga for årstrinn 5–10.
- Det skal ikkje kunna gjevast fritak for vurdering i sidemål i lektorutdanninga. Fritaket må erstattast av opplæring. Karakteren i nynorsk og bokmål må stå på vitnemålet.

Høgare utdanning

Studentrettar

Engelsk er i ferd med å ta over som forskingsspråk i Noreg, og det vert òg meir og meir vanleg å undervisa på engelsk på alle nivå på høgskular og universitet. For å halda oppe eit norsk fagspråk må studentane få meir av pensum på norsk.

Det er viktig å hegna om retten til å få eksamen på eige språk. I dag er ikkje private høgskular omfatta av denne retten.

Noregs Mållag meiner:

- Studentane må møte meir pensum på norsk og særleg nynorsk.
- Studentar skal ha rett på eksamen på nynorsk både på offentlege og private utdanningsinstitusjonar.

- 546 ➤ Studentane må ha rett på undervisning på norsk til og med bachelor.
547 ➤ Studentane må ha rett til å skriva bachelor- og masteroppgåver på norsk.
548 ➤ Det må opprettast stimuleringsordningar for bachelor- og masteroppgåver og phd-
549 avhandlingar på nynorsk.
550 ➤ Eksamen på båe målformer skal vera sikra etter forskrifta om målform i
551 eksamensoppgåver.
552 ➤ Høgare utdanningsinstitusjonar som ikkje gjev nynorskstudentane eksamen på
553 nynorsk, skal møte sanksjonar.

554

555 **Undervisning og forskning**

556 Den sterke posisjonen engelsk språk har fått i academia, gjer det endå vanskelegare å sikra
557 den nynorske skriftkulturen. Arbeidet for å vareta og vidareutvikla norsk fagspråk er i for låg
558 grad prioritert og følgt opp innanfor sektoren.

559

560 Styrking av norsk språk er ikkje ein resultatindikator i academia, og det er heller ikkje
561 formidling av forskning overfor eit breitt publikum. Internasjonal inn- og utveksling av
562 studentar er derimot ein slik indikator. Difor er det attraktivt å gje undervisning på engelsk for
563 å trekkja til seg utanlandske studentar. Formidling til den norske ålmenta må verdsetjast
564 høgare. Publisering av lærebøker på norsk må verta viktigare.

565 Noregs Mållag meiner:

- 566 ➤ Språkrådet skal laga ein plan eller ein mal for språkbruk som institusjonane i
567 academia kan bruka.
568 ➤ Sektoren må stilla sterkare tilsetjingskrav, slik at folk ikkje får fast jobb om dei ikkje
569 kan dokumentera at dei kan norsk innan ei viss tid.
570 ➤ Språk må vera eit av kriteria i teljekantsystemet som skal premiera formidling på
571 norsk, både til fagfellar og til eit breiare publikum.
572 ➤ Publisering på norsk bør gje økonomisk utteljing.
573 ➤ Terminologiarbeidet må få meir offentleg stønad.
574 ➤ Høgare utdanning har ansvar for å vareta og vidareutvikla norsk fagspråk.
575 ➤ Universitet og høgskular lyt følgja norsk lov slik ho er nedfeld i §§ 1–7 i universitets-
576 og høgskulelova, som slår fast at universitet og høgskular har ansvar for vedlikehald
577 og vidareutvikling av norsk fagspråk. Staten må setja i verk straffetiltak mot dei som
578 saboterer gjennomføringa av denne lova.

579

580 **Nynorskforskning**

581 Det går føre seg mykje viktig forskning og kunnskapsutvikling på felt som er viktige for
582 Noregs Mållag. Det har dei seinaste åra utvikla seg større forskingsmiljø som forskar på
583 nynorskrelaterte problemstillingar. Det er viktig at Noregs Mållag følgjer med på det som
584 skjer på feltet, tek til oss den kunnskapen dei formidlar og bruker fagfolk i
585 nynorskforskningsfeltet aktivt på kurs, seminar og konferansar.

586

587 **Norskopplæring for vaksne innvandrarar**

588 Folkeveksten i landet vårt kjem i dag av utanlandsk innvandring. Innvandrarar er viktige
589 tilflyttarar for heile Distrikts-Noreg. Det er difor viktig at dei som buset seg i nynorskområde,
590 lærer det lokale språket. Mange av dei nye innbyggjarane kjem med familie og ungar.
591 Nynorskopplæring i vaksenopplæringa kan gjera det lettare å koma inn i det norske samfunnet
592 fordi ein lettare forstår det munnlege talemålet. Då vert det også lettare å forstå dialektar frå
593 alle delar av landet. Dersom nokre av dei som har lært nynorsk, flyttar vidare til
594 bokmålsområde, er det ikkje noka ulempe å kunna nynorsk. Tvert om er det ein styrke for alle
595 å kunna nynorsk.

596 I dag er dette eit heilt uregulert område. Språkvalet er ofte opp til den som leier
597 norskopplæringa. I tillegg er det ingen krav til at læremiddel skal koma ut på båe målformer.
598 Situasjonen har betra seg noko på læremiddelfronten, men det trengst eit parallellutgåvekrav
599 for læremidla for å sikra god nok tilgang.

600 Noregs Mållag meiner:

- 601 ➤ Det er viktig å gjera opplæringspråket i norskopplæringa til eit politisk spørsmål i
- 602 kommunane. Opplæringspråket må følgja kommunespråket i dei kommunane som
- 603 har eit kommunespråk.
- 604 ➤ Læremiddel må inn under opplæringslova og koma på same tid og til same pris på
- 605 bokmål og på nynorsk.

606

607 **5. Kultur**

608

609 **Media**

610 Mediebransjen er inne i ei tid prega av sterk endring på mange felt. I mange år har Noregs
611 Mållag arbeidd hardt for å få dei store riksavisene til å opna for nynorsk. Det har vore rett, og
612 i 2017 fekk me på kort tid fleire gjennombrøt her. Denne prinsipp-saka er viktig, men kanskje
613 ikkje lenger viktigast. Landet rundt ser me små og store redaksjonar som ynskjer nynorsken
614 velkomen i spaltene sine. Noregs Mållag bør gå i dialog med aktørar i og rundt målrørsla for å
615 finna fram til kva verkemiddel som kan hjelpe desse avisene best mogleg.

616 NRK er sjølve motoren for nynorsk i media, og med kontoret i Sogn og Fjordane som ein
617 spjotspiss. Til no har kravet overfor NRK vore at 25 prosent av innhaldet skal vera på
618 nynorsk. Dette vert rekna ut ved at all dialektbruk vert delt på to og fordelt på dei to
619 skriftspråka. Dermed er den reelle bruken av munnleg nynorsk langt lågare enn 25 prosent,
620 også i dei åra der NRK kan rapportera om at ein firedel av NRK-språket var nynorsk. Nett tek
621 over for lineær-tv. I dag rapporterer ikkje NRK for målbruken på nett.

622 Noregs Mållag bør arbeida for å sikra mediebransjen utanfor hovudstaden betre vilkår. Mange
623 nynorske lokalaviser er små og sårbare, og Noregs Mållag meiner golvet i produksjonsstøtta
624 bør aukast til éin million. Dette bør ikkje gå på kostnad av dei riksdekkjande meiningsberande
625 avisene. TV2 har i mange år vore viktig for nynorsken, men har ikkje krav på seg om å bruka
626 nynorsk på nett, og gjer det dermed heller ikkje.

627 Nynorsk avissenter, Dag og Tid, Norsk Barneblad, Syn og Segn, Framtida, NRK Nynorsk
628 mediesenter og Nynorsk Pressekontor er alle saman gode, nynorske medietiltak. Felles for dei
629 alle er at dei kan visa til gode tal, god framgang og gode faglege resultat. Noregs Mållag skal
630 arbeida for at desse får gode rammevilkår også i framtida.

631 Journalistutdanningane er for dårlege på å utdanna journalistar i eit tospråkleg Noreg. Difor er
632 dei nynorske journalistutdanningane i Førde svært viktige. Trongen for nynorskjournalistane
633 er stor.

634

635 Noregs Mållag meiner:

- 636 ➤ Alle riksaviser skal opna for nynorsk journalistikk.
- 637 ➤ Det er særleg viktig å hjelpe redaksjonar som ynskjer å bruka meir nynorsk, til å nå
- 638 målet sitt.
- 639 ➤ Arbeidsgjevaravgift, pressestøtte og momsfrítak er alle verktøy som kan brukast for å
- 640 fremja nynorsk i media.
- 641 ➤ Både NRK og TV2 må få krav på seg til å bruka nynorsk på nett.
- 642 ➤ Dei nynorske medieverksemdene må vera sikra gode rammevilkår.

- 643 ➤ Det er viktig å samarbeida med Kringkastingsringen for å sjå på korleis nynorskkravet
644 i NRK kan fungera best mogleg i framtida.
645 ➤ Program og filmar på nordiske grannespråk skal ikkje dubbast, men mindre dubbing
646 må ikkje føra til mindre nynorsk.
647

648 **Film**

649 Ein statleg støtta filmproduksjon må spegla heile Noreg, og dei regionale filmsentera er eit
650 middel for å få det til. I dag skal all norsk film vera teksta for høyrsllehemma. Ny teknologi
651 gjer det lettare å tilby teksting på både bokmål og nynorsk.

652 Noregs Mållag meiner:

- 653 ➤ Norsk filmproduksjon må spegla det norske språkmangfaldet og bruka alle norske
654 dialektar.
655 ➤ Alle kinoar i nynorskområde skal tilby film med nynorsk undertekst.
656 ➤ Det bør vera mogleg å velja nynorsk undertekst når ein kjøper film på DVD eller
657 strøymekanalar.
658

659 **Sosiale medium og nynorsk på nett**

660 I dag har dei fleste sosiale medium utanom Facebook eit brukargrensesnitt på bokmål eller
661 engelsk. Dei viktigaste sosiale media bør ha brukargrensesnitt på nynorsk. Utviklinga av det
662 nynorske internettet, sosiale medium og programvare må skje både gjennom krav frå det
663 offentlege, arbeidet til nynorskvenner i næringslivet og organisasjonar og gjennom
664 dugnadsinnsats frå medlemmer og nynorskaktivistar. Dugnadsinnsatsen i omsetjinga av sosiale
665 medium er ein sentral del av dette arbeidet. Noregs Mållag vil arbeida for nynorskomsjetjing
666 av språklæringsappar, sosiale medium og dataprogram.
667

668 Noregs Mållag meiner:

- 669 ➤ Sosiale medium bør vera tilgjengelege på nynorsk.
670

671 **Teater**

672 Det Norske Teatret er det viktigaste teateret i Noreg, og det bør statsstønad spegla. I
673 Hordaland har Hordaland teater kome inn i nytt hus i sentrum.
674

675 Noregs Mållag meiner:

- 676 ➤ Samarbeidet mellom dei nynorske teatera er svært positivt for nynorsk scenekunst.
677 ➤ Det Norske Teatret bør få same budsjettløyving som Nationaltheatret.
678

679 **Litteratur**

680 Den nynorske litteraturen er det fremste uttrykket for den nynorske skriftkulturen. Det Norske
681 Samlaget er det største av nynorskforlaga og har ei særleg viktig oppgåve når det gjeld å gje
682 ut nynorsk litteratur både for barn, ungdom og vaksne. Det er framleis vanskelegare å selja ei
683 nynorskbok enn ei bokmålsbok berre på grunn av språket. Samlaget gjer eit stort og viktig
684 arbeid for at alle skal få tilgang til litteratur på nynorsk, og det er særleg viktig for born og
685 unge.
686

687 Andre forlag gjev òg ut nynorske bøker, og det finst andre forlag som etter kvart har teke ein
688 posisjon som nynorskforlag. Ikkje minst gjeld det Skald forlag, som gjev ut både
689 barnelitteratur og vaksenlitteratur. Det må framleis vera gode ordningar som sikrar at
690 nynorskbøker òg kan gjevast ut utanfor Samlaget.
691

692 I dag fell ikkje omsett barne- og ungdomslitteratur inn under innkjøpsordninga. Dette gjer at
693 små språksamfunn som nynorsk og samisk får mindre tilgang til litteratur på språket sitt i
694 biblioteka enn dei kunne ha fått. For å kompensera for lågare produksjon bør ein kunna kjøpa
695 inn omsett litteratur på samisk eller nynorsk gjennom innkjøpsordninga.

696
697 Biblioteka er svært viktige formidlarar av nynorsk litteratur. Det er viktig at biblioteka får
698 økonomisk armslag til å fremja nynorsklitteratur på ein god måte. Kommunereforma må ikkje
699 føra til nedlegging av bibliotek.

700

701 Noregs Mållag meiner:

- 702 ➤ Det må framleis vera sterke støtteordningar for norsk litteratur.
- 703 ➤ Barn og unge må få eit rikt tilbod av nynorsklitteratur, både på papir, som lydbok
704 og på skjerm.
- 705 ➤ Bibliotek ikkje må leggjast ned som ei følge av kommunesamanslåing.
- 706 ➤ Omsett barne- og ungdomslitteratur til nynorsk og samisk må koma inn under
707 innkjøpsordninga.
- 708 ➤ Alle lesestimuleringsiltak retta mot barn og unge må ha eit breitt tilbod av
709 nynorsk litteratur.
- 710 ➤ Biblioteka skal syna fram nynorsklitteratur.

711

712 **Kunnskap**

713 Dokumentasjon av og på nynorsk er viktig for at språket skal vera fullt utbygd på alle
714 samfunnsområde. Fleire arkiv, bibliotek og museum har til føremål å dokumentera den
715 nynorske skriftkulturen. Andre er fyrst og fremst viktige fordi dei syner fram nynorsk til
716 fagmiljø og publikum. Oppslagsverka Allkunne og nynorsk Wikipedia er svært viktige for at
717 nynorsk skal kunna brukast i alle samanhengar.

718

719 Noregs Mållag meiner:

- 720 ➤ Det er viktig å stø opp om Allkunne og nynorsk Wikipedia.
- 721 ➤ Institusjonar som Nynorsk kultursentrum må sikrast rammevilkår for vidare vekst
722 og utvikling.

723

724 **Dialektarbeid**

725 Ivar Aasen reiste eit norsk skriftmål på det fundamentet som norsk talemål gav – og gjev.
726 Nynorsken er uløyseleg knytt til dialektane fordi han er den skriftlege samnemnaren for norsk
727 talemål. Talemålsgrunnlaget for nynorsken er langt større enn dei områda der nynorsk er det
728 mest nytta skriftmålet. Noregs Mållag arbeider for at alle fritt skal kunna nytta dialekten sin
729 og sjå samanhengen mellom dialekt og skriftleg nynorsk.

730

731 Noregs Mållag meiner:

- 732 ➤ Organisasjonen bør driva dialektarbeid som til dømes dialektleirar, ordinnsamling,
733 dialekttevlingar og anna.
- 734 ➤ Det er viktig med opplæring som hjelper folk til å sjå samanhengen mellom dialekt
735 og nynorsk.

736

737 **6. Organisasjonen**

738 Noregs Mållag er i vekst. Ein større og sterkare organisasjon gjer det mogleg å nå meir
739 ambisiøse mål. Fleire sterke lag i randsonene for dei nynorske kjerneområda vil stø nynorsken
740 i eit område der han er under press. Snittalderen for nye medlemmer er under femti år, men

741 snittalderen for lagsleiarar er ein god del høgare. Det er eit mål å rekruttera fleire leiarar frå
742 den yngre delen av medlemsmassen.

743

744 **Noregs Mållag sentralt**

745 Det er ei viktig oppgåve for Noregs Mållag sentralt å styrkja lokal- og fylkeslaga. Dette gjeld
746 spesielt i randsonene for dei nynorske kjerneområda. Styret og skrivarstova skal vitja alle
747 fylkeslaga og minst 30 mållag kvart år i perioden. Noregs Mållag skal samarbeida tett med
748 Norsk Målungdom, og særleg stø opp om skulevitjingsarbeidet deira.

749 Alle nyvalde leiarar skal takast godt imot og få tilbod om skulering frå sentralledet. Mållaget
750 skal skipa til seminar vår og haust med unntak av landsmøtevåren. Hovudmålgruppa for
751 seminara skal vera tillitsvalde.

752

753 Medlemstalet er aukande, og Noregs Mållag skal halda fram med vervekampanjar. Det er
754 viktig å halda fram veksten, men òg å syta for at fleire av dei nyinnmelde medlemene vert
755 aktive lagsfolk. Særleg gjeld dette dei yngre. Noregs Mållag og Norsk Målungdom skal
756 samarbeida om overgangen frå ungdoms- til vaksenorganisasjonen.

757

758 Noregs Mållag skal gjennomføra organisatoriske tiltak for å styrkja nynorsken og særleg
759 nynorsk skulemål i viktige randsoner. I dei områda der det er fare for skulemålsrøystingar,
760 skal lokallaga gjerast i stand til å gjennomføra aksjonar for å halda på nynorsken. Lagsskiping
761 er ein viktig reiskap for å nå dette målet. Noregs Mållag skal kvart år gjennomføra
762 Nynorskstafetten i to til tre veker. Hovudemne og område vedtek styret kvart år.

763

764 Noregs Mållag sentralt har ansvaret for det politiske påverknadsarbeidet på riksplan, og dette
765 arbeidet skal styrkjast monaleg i perioden. Mållaget bør ha ambisjon om å verta ein tyngre
766 politisk aktør i Noreg. Særleg viktig er arbeidet med partiprogram og statsbudsjett.

767

768 Noregs Mållag skal arbeida vidare for å styrkja økonomien i organisasjonen, mellom anna ved
769 å utvikla nye måtar å gje målgåver på. Styret har fullmakt til å arbeida for at skrivarstova skal
770 koma i eige hus.

771

772 Noregs Mållag skal vera synleg til stades på sosiale medium, og nytta heimesida,
773 meldingsbrevet Nytt om nynorsk og andre kanalar for å spreia informasjon. Norsk Tidend er
774 medlemsavis for Noregs Mållag og skal koma ut jamleg.

775

776 Det er ei rekkje jubileum i perioden. I 2018 er det 200-årsjubileum for Aasmund Olavsson
777 Vinje og 150-årsjubileum for Det Norske Samlaget. I 2019 har sidemålet femtiårsjubileum i
778 ungdomsskulen. I 2020 fyller 25-prosentregelen i NRK femti år. I 2021 er det hundre år sidan
779 heile Bibelen for fyrste gong var omsett til nynorsk, og det er femti år sidan retten til nynorske
780 lærebøker til same tid og same pris vart slegen fast. I desse åra er det òg 150 år sidan dei
781 fyrste mållaga i Noreg dukka opp. Noregs Mållag skal fyrst og fremst nytta jubilea til å få
782 merksemd om dagsaktuelle tema.

783

784 **Norsk Målungdom**

785 Noregs Mållag skal samarbeida tett med Norsk Målungdom. Organisasjonane skal halda
786 kvarandre oppdaterte om kva dei arbeider med, og om aktuelle saker som høyringar og
787 røystingar. Noregs Mållag og Norsk Målungdom skal samarbeida om politisk påverknad, der
788 Norsk Målungdom har hovudansvaret for ungdomspartia. Organisasjonane skal saman finna
789 betre måtar å overføra medlemmer til Noregs Mållag når dei bikkar 30, og halda fram
790 samarbeidet om å overføra unge medlemmer til Norsk Målungdom.

791
792
793
794
795
796
797
798
799
800
801
802
803
804
805
806
807
808
809
810
811
812
813
814
815
816
817
818
819
820
821
822
823
824
825
826
827
828
829
830
831
832
833
834
835
836
837
838
839

Fylkeslaga

Fylkeslaga i Noregs Mållag skal driva målarbeid på regionalt nivå og vera eit bindeledd mellom lokallag og Noregs Mållag sentralt. Fylkeslaga skal samordna det lokale målarbeidet og inspirera lokale målfolk, mellom anna ved å skipa til seminar og samlingar. Kvart fylkeslag skal følgja opp landsfemnande kampanjar, med mål om at alle lokallag tek del i dei.

Fylkeslaga skal vurdere kvar det er høve til å starta nye lag, og samarbeida med nabolokallaga og Noregs Mållag sentralt om lagsskiping. Fylkeslaga skal også gje hjelp og støtte til lokallag som treng det eller bed om det.

I perioden vert arbeidet med regionreforma den viktigaste politiske enkeltsaka for dei fleste av fylkeslaga. Alle relevante fylkeslag skal prioritera arbeidet med denne reforma både i skulering og i politisk arbeid.

Fylkeslaga bør arbeida for gode målvedtak og målbruksplanar i kommunar og fylke. Fylkeslaga skal samarbeida med lokallaga om å verva medlemmer, og å stø målungsdomslag i sin region eller sitt fylke.

Dei seinare åra har så godt som alle fylkeslag vakse i medlemstal. I eit lenger perspektiv er situasjonen slik at Telemark, Rogaland og Trønderlaget har hatt fallande medlemstal. Noregs Mållag sentralt skal prioritera å styrkja desse tre fylkeslaga i perioden. Dersom det er teikn til at Nordland Mållag kan verta oppattskipa, skal dette fylkeslaget få hjelp frå Noregs Mållag.

Mållaga

Dei lokale mållaga er grunnfjellet i Noregs Mållag. Mållaga skal styrkja det direkte målpolitiske arbeidet retta mot skule, barnehage, næringsliv, media, norskopplæring og kommunal verksemd. Mange lokallag har medlemmer med sentrale verv og posisjonar i lokalsamfunnet. Det er eit godt utgangspunkt for å samarbeida med og påverka andre, i politikken, i kultur- og organisasjonslivet, i barnehagen og skulen, i media og i næringslivet.

Lokallaga skal verva medlemmer og gjera målsaka synleg i lokalmiljøet. Fleire lag bør skipa til inspirasjonsdagar for lærarar. Noregs Mållag sentralt skal gje økonomisk og praktisk støtte til slike tilskipingar. Lokallaga bør samarbeida med lokale målungsdomslag der det finst slike, og tipsa NMU sentralt om unge målfolk på stader der NMU ikkje har lag. Laga må leggja vinn på å rekruttera yngre styrefolk. Meir kunnskap om valnemndsarbeid er eit tiltak for å nå dette målet. Noregs Mållag skal tilby leiarskulering for lokallagsleiarar.

Yrkesmållaga

Arbeidsoppgåvene i programmet høver i varierende grad for yrkesmållaga, som må gripa fatt i dei oppgåvene i programmet som dei ser er viktige på sine område. Det er viktig at yrkesmållaga lagar eit miljø for målarbeid innanfor sine yrkesgrupper. Yrkesmållaga har eit ansvar for å gje Noregs Mållag sentralt innspel om stoda på sitt fagområde.

Revisjon av prinsippprogrammet

I denne perioden skal Noregs Mållag revidera prinsippprogrammet. Styret set ned ei nemnd og inviterer heile organisasjonen med i arbeidet. Det er eit mål at arbeidet gjev meir målpolitisk skulering og ordskifte i samskipnaden.